

Idar Herleiv Nesbø
Stranda 1111
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/3015 - 21/41353

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
16.06.2021

Førehandsvarsel om opprydding - forsøpling på eigedom gbnr. 8/2 Nesbø

Tiltak: Opprydding ulovleg avfall eigedom
Byggjestad: Gbnr. 8/2 Nesbø
Tiltakshavar: Idar Herleiv Nesbø

Alver kommune har motteke melding om ulovleg lagring av avfall på eigedomen din, med adresse Stranda 1111, 5993 Ostereidet. Avfallet ligg langs FV5458 –Stranda, og er oppgitt å vere hermetikkboksar, elektrisk utstyr, vindauge, vindaugskarmar, plastsekkar, plastposar og andre plastgjenstandar mm., samt anna avfall, sjå vedlagte bilete dokumentasjon. Det blir og opplyst om at dette er eit gjentagande problem. Kommunen er forureiningsmynde og har plikt til å følgje opp meldingar om mogleg/fare for forureining og forsøpling.

I følgje eigedomsregisteret står du som grunneigar av gbnr. 8/2 Nesbø, og dette brevet blir difor sendt til deg.

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde opp på eigedomen din, med gbnr 8/2. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

Kommunens oppgåve og mynde

Kommunen skal føre tilsyn med ureinings situasjonen i kommunen og kommunen kan gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall på eigedomen sin.

Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt

Kommunen reknar diverse plastgjenstandar og dei andre gjenstandane som ligg på eigedomen din som avfall. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare dei på eigedomen.

Det er vidare eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjæmmende eller være til fare eller ulempe for miljøet», jf. forureiningslova § 28. Dette gjeld og forsøpling på eigen eigedom, og det kan stillast krav til forureinaren om å rydda opp.

Avfallet på eigedommen blir lagra på ein måte som inneber brot på forsøplings- og forureiningsforbodet. Ein kvar gjenstand vil før eller sidan ruste opp, og dei miljøskadelege stoffa vil bli tilført grunnen område.

Tilhøva representerer eit alvorleg problem med tanke på forureining. Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar «når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjjemmende eller være til vesentlig ulempe», jf. plan-og bygningslova § 28- 5.

Som følgje av det ovannemnde vurderer kommunen å påleggje deg å rydde opp.

Varsel om pålegg

Med heimel i forurensningslova § 37 1. ledd varslar Alver kommune om at vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi **innan 15.09.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå deg om at du allereie har rydda opp.

Dersom vi ikkje får inn skriftleg tilbakemelding om utført arbeid innan fristen, varslar vi samstundes at vi kan pålegge deg å rydde området og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova § 73.

Frist

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 15.09.2021**.

Kva kan du gjere no?

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Fjerne plastposane, plastsekkane og dei andre gjenstandane m.m.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at du har rydda opp, samt bilete dokumentasjon.

Dine rettar:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på 3 veker frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- post@alver.kommune.no.
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

Aktuelt regelverk

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forurensningslova § 48.
- Definisjon av avfall følgjer av forurensningslova § 27.
- Forbod mot forsøpling følgjer av forurensningslova § 28.
- Krav til forureinaren om å rydda opp forurensningslova § 28.
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forurensningslova § 37 1.ledd.
- Kommunen er forureiningsmynde etter forurensningslova § 81 første ledd bokstav c.
- Kommunen har plikt til å følgje opp meldingar om fare for forureining etter forurensningslova § 7 og forsøpling etter § 28.
- Kommunen kan gje pålegg om rydding og fastsetje tvangsmulkt med heimel i forurensningslova kapittel 9.

Ved all vidare kontakt, ver vennleg og referer til **saksnr: 21/3015**.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Astrid Riise
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

temp_report703583582736783405

Mottakarar:

Idar Herleiv Nesbø

Stranda 1111

5993

OSTEREIDET